



Etatsstyring 2022

Tilbakemelding til Høgskulen i Volda på ambisjonar og måloppnåing

Dato og versjon:

27. juni 2022 Endeleg tilbakemelding

1. Innleiing

Departementet vil rose institusjonane for omstillinga og tilrettelegging som er gjort gjennom koronapandemien, også i 2021, for å sørge for at studentane oppnår læringsutbyttet i utdanningane og i minst mogleg grad blir forseinka i studiane sine. KD vil særleg framheve den gode innsatsen hos institusjonar med profesjonsutdanningar, der det har vore særskilde utfordringar med å få gjennomført praksis i periodane med strenge restriksjonar.

Vi kjenner framleis ikkje dei langsiktige konsekvensane av pandemien og det er derfor viktig at institusjonane har merksemd på nye studentar som byrjar i høgare utdanning hausten 2022. Mange av desse studentane har hatt ein stor del av den vidaregåande opplæringa si under pandemien og kan oppleve overgangen til høgare utdanning som særskilt utfordrande.

Koronapandemien har òg synleggjort tydinga av langsiktig satsing på forskning og forskingssamarbeid på tvers av fag og landegrenser. Utstrekt deling av, og tilgang til, forskingsresultat var avgjerande for at det var mogleg å gjenopna samfunnet og gi tryggleik til befolkninga. Pandemien har òg ført til forseinkingar og reduserte moglegheiter for forskingssamarbeid og datainnsamling. Institusjonane har ansvar for å vurdere eventuelle forlengingar av stipendiat- og post doc-stillingar.

Sjølv om pandemien har vore utfordrande, har han har òg gitt nye moglegheiter. Auka kompetanse om digitale verktøy og digital undervisning skaper spennande moglegheiter framover. No som smitteverntiltaka ikkje lenger legg føringar, kan dei faglege vurderingane for undervisningsform og metode igjen få vege tyngst. Den internasjonale studentmobiliteten har gått kraftig tilbake under pandemien, men no forventar departementet at studentane igjen får betre moglegheiter til å reise ut, ikkje minst gjennom bruk av Erasmus+.

Krigen i Ukraina får konsekvensar for universitets- og høgskulesektoren. Det har kome eit stort tal ukrainske flyktningar til Noreg og anslaga for kor mange som vil kome i tida framover er usikre. Det er viktig at flyktningane får moglegheit til utdanning og/eller arbeid. Universiteta og høgskulane vil vere viktige i dette arbeidet. Departementet har merka seg den positive innstillinga institusjonane har til dette.

Institusjonane har ei viktig rolle for å sikra tilstrekkeleg tilgang på personell med riktig kompetanse. Tilgang på praksisplassar er ei utfordring for mange av helse- og sosialfagsutdanningane. Departementet er kjent med at fleire kommunar, som i dag ikkje har studentar i praksis, ønsker å ta imot studentar i praksis. Departementet ber derfor institusjonane ta i bruk fleire praksisplassar lenger unna campus.



2. Resultat og måloppnåing

Høgskulen i Volda (HVO) har «Kompetanse for eit betre samfunn» som visjon. Høgskulen har ein sterk fagtradisjon innanfor humaniora og samfunnsvitskap og tilbyr profesjonsutdanningar og fagstudium som både er regionalt forankra og internasjonalt orienterte.

KD er nøgd med den positive utviklinga i utdanningsverksemda. Gjennomstrøyminga på master har auka betydeleg, medan den framleis ligg svært høgt på bachelorutdanningane. Den faglege tidsbruken til studentane er låg og departementet forventar at tiltaka HVO har sett i verk vil gje resultat. I forskingsverksemda har talet på vitskaplege publikasjonar gått ned det siste året, men det har vore ei positiv utvikling i indikatorar på kvalitet. Departementet forventar å sjå ei auke i samarbeidet med næringslivet, samt auke i andre BOA-inntekter. HVO jobbar godt med fleksible og desentraliserte utdanningar. HVO må auka aktivitetsnivået slik at avsetningane til andre formål blir reduserte til maksimalt 5 pst. i 2022. Rapporteringa om avsetningane i årsrapporten er mangelfull og høgskulen må for 2022 sjå til at rapporteringa er i samsvar med reglementet. HVO ligg lågt når det gjeld kjønnsbalansen i toppstillingar og departementet forventar at det blir sett i verk målretta tiltak for å forbetra dette. Høgskulen har ein høg andel mellombels tilsetingar. Departementet forventar at talet på mellombelse løysingar blir reduserte betydeleg framover.

Departementet har eit godt inntrykk av korleis HVO arbeider med å oppnå måla i utviklingsavtalen. Også rapporteringa er god. Ho gir eit godt bilde av måloppnåing og aktivitetsnivå. Høgskulen trekker fram ferdigheiter for framtida og heilskapleg framtidskompetanse som viktig. Gjeldande utviklingsavtale går ut 31.12.2022. Endeleg rapportering på måloppnåing skal dermed inngå i Årsrapport for 2022. Det skal gå fram kva som er utviklinga/status på måleparameterar/milestolpar samanlikna med utgangspunktet for avtalen. Rapporteringa frå 2021 gir eit godt utgangspunkt her. Departementet ser fram til ein samla analyse som overordna ser på måloppnåing for utviklingsavtalen i heile perioden i neste års årsrapport.

Kvalitet i utdanning

Det er gledeleg at høgskulen har auka gjennomstrøyminga på master betydeleg det siste året. Den ligg framleis lågare enn gjennomsnitt for sektoren, og HVO forventar at den positive utviklinga vil halde fram. Vidare er det imponerende at høgskulen har auka gjennomstrøyminga på bachelor ytterlegare, og at den ligg langt over gjennomsnittet for sektoren. Framover er det viktig at HVO sikrar den gode utviklinga og sørger for at kandidatmåltala nås.

Den faglege tidsbruken til studentane har igjen gått ned og ligg vesentleg lågare enn gjennomsnittet for dei statlege institusjonane. KD merkar seg at høgskulen har sett i verk tiltak og forventar at dei vil gje effektar.

Det er positivt at studentutvekslinga har teke seg opp igjen og at høgskulen har ein plan for internasjonalisering. Departementet meiner høgskulen bør ha eit godt utgangspunkt for å lukkast endå betre med internasjonalisering i åra som kjem.



Kvalitet i forskning

KD registrerer at talet på vitenskaplege publikasjonar har gått ned det siste året. Talet er lågare enn gjennomsnittet for sektoren og for dei andre statlege høgskulane. Samstundes er det positivt at andelen publikasjonar på nivå 2 er høg, og at høgskulen har auka dei internasjonale sampublikasjonane. Gitt reduksjonen i vitenskaplege publikasjonar per fagleg tilsett forventar KD at HVO held fram satsinga på forskning.

HVO hadde berre ein disputas i 2021. Men ein vekst på 10 stipendiatårsverk frå 2020 til 2021 forventar departementet at høgskulen vil ha ei høgare tal på avlagde doktorgradar i dei komande åra. Departementet registrerer at høgskulen har eit lågare tal på tilsette med fyrstekompetanse samanlikna med andre statlege institusjonar. KD forventar at høgskulen satsar på å rekruttere personar med fyrstekompetanse i 2022.

HVO har sendt seks søknader som prosjekteigar, og har eitt nytt prosjekt under oppstart som eigar. Kunnskapsdepartementet ser frem til å følge utviklinga på både søknadar og eksisterande prosjekt. I 2021 var talet på bidragsinntekter frå Forskningsrådet uendra frå 2020 og har ligge på same nivå sidan 2016. KD følger utviklinga og forventar at høgskulen held frem satsinga på forskingsprosjekt og får gjennomslag på søknadar til Forskningsrådet.

Samarbeid med omverden

Regjeringa ønsker at universitet og høgskular skal prioritere fleksible og desentraliserte tilbod og at digitale undervisningsmetodar må brukast til å tilpasse studietilbod til regionale kompetansebehov for å gjere tilboda meir tilgjengelege. Departementet merkar seg at HVO ligg over eigne måltal for antal studentar på nett- og desentralisert undervisning, og at høgskulen har jobba systematisk med å forbetre digitale undervisningsformer. Dette er bra.

HVO arbeider for å auke samarbeidet med regionalt arbeids-, nærings- og samfunnsliv, mellom anna gjennom realisering av Norsk Innovasjonssenter, men departementet registrerer at samarbeidet med omverda framleis i stor grad er avgrensa til aktørar i offentleg sektor.

Departementet merkar seg at HVO, saman med samarbeidspartnarar frå regionalt næringsliv, har fått tilslag frå HK-dir til prosjektet «POE» for å auke arbeidslivsrelevansen i medie- og kulturfag. Dette er positivt.

Årsrapporten melder at i HVOs strategiplan (2022 – 2025) er eit av dei strategiske satsingsområda at «HVO skal vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen». Dette er positivt og departementet forventar å sjå konkrete resultat, i form av fleire partnerskap og auka arbeidslivsrelevans i utdanningane.

Departementet merkar seg at HVOs bidrags- og oppdragsinntekter har gått noko ned i 2021, og at talet framleis ligg eit godt stykke under gjennomsnittet i sektoren. KD forventar at HVO held fram med å vidareutvikle dette området og sikrar ein stabil positiv auke i BOA-inntektene framover.



God ressursbruk og forvaltning

Det er positivt at HVO ønsker å auke kvaliteten ved å gi dei tilsette meir tid til forskning. HVO ligg lågt når det gjeld del kvinner i dosent- og professorstillingar og departementet forventar at det blir sett i verk målretta tiltak for å betre kjønnsbalansen i toppstillingar ved HVO.

Reglement for avsetninger tredde i kraft 1. januar 2021. I reglementet er det ei grense på 5 pst. for avsetninger til andre formål. HVO hadde pr. 31.12.2021 avsetninger til andre formål på 5,9 pst. HVOs søknad om å beholde midlene er innvilget og departementet viser til reglementet om avsetninger som gjelder for regnskapsåret 2022.

I samsvar med reglementet skal HVO rapportere om avsetningane i leiingskommentarane og i årsrapporten. Departementet har gått gjennom rapporteringa og meiner den er noko mangelfull, difor er departementet nøgd med at HVO for 2022 vil sjå til at rapporteringa er i samsvar med reglementet.

Universiteta og høgskulane har ansvar for rekrutterings- og evalueringsprosessar, personaloppfølging og karriereutvikling av den einskilde vitskaplege tilsette. Departementet forventar at institusjonane følger opp dette ansvaret og arbeider systematisk for å ta i bruk heile stillingsstrukturen for å sikre at kompetansebehov blir dekkja, og talet på mellombelse løysingar reduserte.

Regjeringa har som mål at talet på mellombels tilsettingar skal ned på nivå med arbeidslivet elles i denne regjeringsperioden. Det er positivt at HVO har redusert del mellombels tilsettingar i undervisnings- og forskerstillingar, men utviklinga har gått feil veg for administrative stillingar og for støttestillingar ligg også nivået for høgt. Departementet forventar at HVO arbeider målretta slik at talet på mellombelse løysingar blir reduserte betydeleg framover.

Departementet viser til HK-dirs kartlegging av informasjonstrygging og personvern ved HVO, og forventar at dei konkrete tilrådingane i brevet frå direktoratet til høgskulen blir følgde. Tilrådingane er gjevne med utgangspunkt i rundskriv F-04-20 *Policy for informasjonssikkerhet og personvern i høgere utdanning og forskning*. Departementet merkar seg at HVO har styrka ressursinnsatsen på informasjonstryggings- og personvernområdet, og at det er sett i gang ei rekke nye forbetringstiltak som gir resultat. Departementet forventar at HVO slutfører arbeidet med innføring av leiingssystemet for informasjonstryggleik og personvern.

Departementet viser til tilbakemeldinga i 2021 og vidare til den tryggingpolitiske situasjonen i samband med krigen i Ukraina, samt departementets brev om denne datert 1. mars 2022. Vi forventar at HVO fullfører arbeidet med å etablere planverket for handtering av alvorlege informasjonstryggingshendingar (kontinuitetsplan).

Høgskulen opplyser at institusjonen vil utarbeide ein eigen handlingsplan for å kunne nå måla i den nasjonale strategien for digital omstilling i UH-sektoren og har sett i verk fleire tiltak m.a. skipping av ein læringsverkstad for opplæring. Læringsverkstaden er støttetteneste



og læringsressurs for digital utvikling og studiekvalitet. Departementet har merka seg HVOs bidrag i Digitaliseringsstyret for høgare utdanning og forskning.